

**HARDANGERVIDDA
GRUNNEIGARSAMSKIPNAD (HG)**

**FJELLSTYRA PÅ
HARDANGERVIDDA (FH)**

FM Buskerud, Pb. 1604, 3007 DRAMMEN

FM Hordaland, Pb. 7310, 5020 BERGEN

FM Telemark, Pb. 2603, 3702 SKIEN

Gaustadblick, 6. april 2018

Felles forvaltingsmøte for verneområda på Hardangervidda

Syner til innkalling av 05.04.18, om felles forvaltingsmøte på Finse, ultimo mai d.å.

Av innkallinga gjeng det fram at ein ynskjer å gå attende til ei ordning der alle ikkje fær vera med på alt, konkret at Fylkesmennene, Tilsynsutvala og SNO skal ha eit eige møte fyrst. Dette var ei ordning ein hadde ein del år attende, men etter initiativ frå HG og FH blei det slik at alle tema blei tekne opp i fullt plenum. Kva negative røynsler som finst med dette, er ikkje kjent.

Det undrar og mykje at Tilsynsutvala ikkje er tekne med på råd i den konkrete avgjerda. Vidare er det slik at ein del personar sit i eit Fjellstyre og i eit TU. Same person er såleis velkomen på ein måte, men ikkje på ein annan.

Me minner om det som stod i regjeringsfråsegna etter førre stortingsval, at ein ville få i gang forsøksordning med grunneigarstyrd forvaltning i verneområde. Nå har dette koka bort i kålen, men tanken om fullt grunneigarinnsyn i forvaltinga stend fast. Det kan sjå ut som Fylkesmennene no vil sabotere dette.

Sjølvsagt kan det finnast praktiske rutinar som er av lita interesse for utanforståande, men ein kan ikkje sjå nokon skade ved at dei blir drøfta med eit publikum.

Det verkar elles underleg at SNO fær vera med i «det gode selskap», dei er som kjent ikkje – og skal ikkje vera – ein del av forvaltinga i seg sjølv.

Me vil sterkt oppmode Fylkesmennene om å reversere denne avgjerda. Dersom ikkje, vil me krevje å bli gjort kjende med kva for tema som skal opp til intern drøfting.

Det er eit rimeleg krav at dei styrde fær fullt innsyn i kva dei styrande driv med.

Per Helge Sekse, leiar i HG, (sign.)

Vebjørn Håvardrud, leiar i FH. (sign.)

Oversending v/Nils Bjørn Vistad
Tlf.90033113, nbjoer-v@online.no